



forum for
natur og friluftsliv

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2
6863 Leikanger

postmottak.sentraladm@sfj.no

Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025 – høyringsmerknader

FNF, Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane har nokre merknader til den delen av planen som gjeld naturgrunnet for den planlagde satsinga, og bruken av denne naturen. Det gjeld særleg fire punkt:

1. fornyeleg energi
2. sjømat
3. olje og gass
4. landbruk

Utgangspunkt

Planen har som mål at satsingane skal vere berekraftige, utan å forklare meir kva som ligg i dette omgrepet. Då Brundtlandkommisjonen i 1987 lanserte dette uttrykket i den samanhengen som det ofte har vore vist til seinare, var det krevjande poenget å avgrense utnyttinga av naturen på ein slik måte at også framtidige generasjonar skal ha høve til å dekkje sine behov. Med behov meinte kommisjonen trong til å skaffe seg livsviktige (materielle) gode. Trong til utvikling har, meinte kommisjonen, først og fremst dei fattige i verda. Alle i Noreg ligg over det nivået, og appellen frå kommisjonen til rike land er først og fremst å hindre at vi forsyner oss så grovt at naturgoda i dag at fattigdom vert konsekvensen for dei som kjem etter.

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

1. Fornyeleg energi

Med ei elektrisitetsutvinning på 14 TWh frå fossekraft, og eksport av halvparten, er det ikkje noko ved energiforsyninga i fylket som taler for å byggje ut meir. Sidan dei store industrietableringane i Høyanger, Årdal og Svelgen har ungdommen følgd kraftlinjene, ut av fylket og til byane der kraftlinjene endar. Verdiskapinga og veksten i sysselsetting kjem mest der straumen vert brukt, ikkje der han vert produsert. I tida etter dei store industrietableringane for fleire tiår sidan, har kraftverka ikkje resultert i større næringsaktivitet enn det som under alle omstende hadde vore mogeleg. Byområde i vekst, som Trondheim, Oslo og Stavanger ligg i distrikt med relativt store kraftunderskot. Den nye planen for fleire kraftverk får mest sannsynleg den konsekvensen at Sogn og Fjordane gjer sin konkurransesituasjon dårlegare samanlikna med dei urbane tyngdepunkta som gjer seg nytte av eksportstraumen og trekkjer til seg arbeidskraft. Denne ubalansen har Sogn og Fjordane fylkeskommune vore med på å styrke i alle dei år.

Nå har også mottakarane vanskar med å ta unna meir. Straumforbruket i landet har knapt gått opp dei siste 10-12 åra. Kraftoverskotet er alt så stort at prisane fell. Kraftverka tener mindre pengar, fordi tilbodet av kraft er så stort. Fleire i bransjen har åtvart mot å gjere det endå større; då vil ikkje berre straumprisen, men også verdien av elektrisitetssertifikata falle alvorleg. Dagens verdiskaping av vasskraft (i tabellen side 35) er heller ikkje noko illustrasjon av kva som er å vente av nye kraftverk. Dei store kraftmengdene i fylket kjem frå eldre verk som har betalt ned det meste av kapitalkostnadene, og av den grunn sit att med ein netto. Den er heller ikkje enorm, rundt 50 000 kroner per GWh.

Som klimatiltak har ingen sett noko resultat av dei nye kraftverka, endå det er 17 år sidan Kyotoavtalen vart gjeldande. I vårt land, som nesten ikkje har fossilbasert elektrisitet, er det ingen grunn til å vente at meir straum pressar vekk fossile brennstoff. Det er neppe nokon som køyrer mindre bil av den grunn at det kjem meir kraft på nettet.

Stort sett har utsleppa i dette landet gått opp, ikkje ned, etter kvart som fleire kraftverk kom i sving. Det er ikkje sikkert at fleire kraftverk i Sogn og Fjordane vil forsterke den klimagassdrivande effekten av fleire andre tiltak som verdiskapingsplanen er inne på for å auke veksten i forbruket av naturgode, men det er sikkert at fleire kraftverk ikkje vil motverke denne effekten.

Til eit stort kvantum elbilar og eventuell elektrifisering av sokkelen har landet rikeleg elektrisitet i reserve. Dei som snakkar om at norsk kraft skal erstatte fossile brennstoff lenger

sør i Europa, kan ikkje ha sett seg inn i dei uoverkommelege dimensjonane av fossil energibruk i Europa. Om Noreg eksporterer 30 TWh frå nye kraftverk, eit mål som har vore nemnt ved ymse høve, er det ikkje i stand til å fjerne stort at dei 22 000 TWh fossil energi som EU årleg gjer seg nytte av. I prosent er talet 0,14.

Ingen har kunna peike på nemneverdig lokal nytte av kraftutbygging i nyare tid, med unntak for at nokre kraftverkseigarar har kunna tene ekstra pengar. Mykje natur har fått skadelege inngrep som ingen kjenner dei fulle konsekvensane av. Dette er det motsette av berekraftig utvikling, ei utvikling som det er mogeleg å halde ved like over lengre tid.

Men planen satsar altså på arbeidsplassar og lokale leveransar til sjøve kraftanlegget. Det kan sikkert vere bra for dei entreprenørane som vil ha oppdrag. Men vi kan vanskeleg tru at ungdom som tenkjer å reise ut, vil bli verande fordi dei kanskje får vere med på eit kraftanlegg eller to. Vi er òg tvilande til om nokon flytter til fylket med slike utsikter. Til det er arbeidsmarknaden for romsleg, i alle fall dei næraste åra.

Dersom det vert noko av fleire av dei vindkraftverka som har fått konsesjon, vert dette – i lag med kraftlina Ørskog-Fardal – dei største inngrepa i nesten uforstyrra natur som dette fylket er utsett for sidan miljøomsyn vart ein del av den politiske retorikken. Ei stund såg vi resultat av orda, nå går det i motsett retning. Dei mange småkraftverka har gjort at store område nesten ikkje har igjen frittrennande elvar med nemneverdig vassføring.

2. Sjømat

Fiskeoppdrett har i alle år vore ei alvorleg påkjenning for naturen med røming, sjukdom, nedgang i naturlege laksestammar, antibiotika i havmiljøet og rovdrift på naturlege fiskestammar til fôr. Parallelt med mindre tilgang på marine feittstoff til fôret, har produsentane teke i bruk vegetabilsk olje frå tropiske landområde. I verdiskapingsplanen er likevel optimismen illustrert av ein figur, side 41, med nesten fem prosent vekst i sjømatindustrien framover til 2050. I februar 2014 hadde Financial Times eit stort oppslag i tråd med mange andre meldingar dei seinaste åra: Avisa varslar at oppdrettsnæringa truleg har nådd toppen, fordi tilgangen på råstoff ikkje kan halde veksten gåande i lengda.

Dette er det rimeleg nok usemje om mellom dei som står fram som fagfolk. Hovudtrekka ser ut til å vere at dei som trur på vidare vekst, reknar med teknologiske gjennombrøt som opphever dei grensene andre ser i dag. Så langt har vi sett hogst av

regnskog for å dyrke oljevekstar i jakta på nok omega 3-feittsyrer, altså ei vidareutvikling av rovdrifta i havet.

I lys av dei opplysningane som har komme gjennom fleire år, og dei debattane som går om råvaregrunnlaget for oppdrettsnæringa, verkar den venta veksten i tabellen nede på side 41 i planen heller grunnlaus. Men vi ser ikkje vekk frå at planen kan verte eit middel til å auke påkjenningane på det marine miljøet, basert på flatehogst av tropiske regnskog.

3. Olje og gass

Heller ikkje på dette feltet verkar forfattarane interesserte i det materielle grunnlaget for sine ambisjonar. Det har lenge vore kjent at norsk oljeutvinning er i kraftig nedgang, og har vore det sidan produksjonstoppen i 2000-2001. Opplysningar frå Oljedirektoratet, i årlege ressursrapportar, viser ein nedgang frå 3,12 mill. fat olje pr. døger i 2001 til 1,46 mill. fat i 2013. Utvinninga er meir enn halvert. For alle dei vel 60 felta som er i drift, går tala ut på at dersom uttaket framover kunne vere like stort som i 2013, er levetida 7-8 år. Om 10-15 år er det lite igjen å hente. Investeringane i leiting og boring etter nye lommar i eksisterande felt stig raskt, men funna er små. Dersom estimata for Johan Sverdrup og tilliggande felt er rette, er mengdene store nok til rundt tre års produksjon på nivå med det Noreg hadde før nedgangen starta. Etter planen for utbygging og drift skal det bli start på åtte nye felt i 2014 og fire til fram mot 2017. Til saman inneheld desse felta 147 mill. kubikkmeter olje, nok til eit par år med dagens utvinningstempo.

Uttappinga av norsk sokkel har vore mellom dei raskaste i verda. USA brukte nesten 100 år frå oljeutvinninga kom skikkeleg i gang til dei nådde toppen. I Noreg tok det 25 år.

4. Landbruk

Om landbruk har planen lite konkret å seie. Vi noterer at fylkesmannen er tiltenkt ansvaret for satsing på dette området. Organisatorisk finn vi dette merkeleg. Fylkesmannen er statens representant i fylket, og har ikkje til oppgåve å fremje alternativ politikk.

I Sogn og Fjordane, fylket med den mest spreidde folkesetnaden i landet, er landbruk i små einingar avgjerande både for busetting og korleis fylket ser ut. Å halde dette jordbruket gåande, er eit mål som fell saman med standpunktet hos FNs matvareorganisasjon (FAO): Sikker matforsyning i framtida kjem frå små og familiedrivne bruk, ikkje industrilandbruk

basert på stor import av kraftfôr og andre driftsmiddel. I dag går utviklinga raskt vekk frå dette målet.

Sogn og Fjordane har naturgrunnlag, topografi og infrastruktur tilpassa eit framtidretta og berekraftig landbruk. Landet har nå underdekning av kjøt og mjølk, to klassiske matvarer som det har vore tilløp til overproduksjon av gjennom det meste av etterkrigstida. Fylket har store og lite utnyttta areal med fôr nettopp for drøvtyggarar. I tillegg er mange bygder eigna for å dyrke frukt, bær og grønsaker. Mange bønder har klart å oppnå ei akseptabel inntekt gjennom eiga foredling og direkte sal av sine varer. Lokal mat av høg kvalitet møter auka etterspurnad og betalingsvilje. Nesten halvparten av bruka i det italienske distriktet som leverer ekte Parmesanost, var for nokre år sidan på 10-50 dekar.

Å styrke det lokale og framtidretta landbruket i liten skala, kan dempe flukta frå bygdene og motverke den alvorlege nedgangen i sjølvbergingsevna. Etter alt å dømme vil det òg gjere fylket meir attraktivt for alle.

Fylkeskommunen kan ikkje endre den nasjonale landbrukspolitikken. Men fylkeskommunen kan, som regional utviklingsaktør, i større grad vere advokat for eit landbruk som er mogeleg å drive i dette fylket, og i større grad bruke eigne midlar til å stimulere eit landbruk som naturen kan bere og som tener folket.

Generelle sluttmerknader

Under satsinga på fornyeleg energi sviktar etterspurnaden og dermed prisane som kunne gje lønsemd. Under sjømat og olje sviktar naturgrunnlaget ved avgrensa tilgang på råvarer. På desse punkta går planen ut på å føre vidare ei økonomisk utnytting av naturen som aldri har hatt kontakt med innhaldet i ordet berekraft.

Etter vår oppfatning er dette å satse på det som såg lovande ut i fortida, og det undrar oss at forfatarane av planen ikkje i det heile å vurdere om naturen har nok å by på som materielt grunnlag for satsingsfelt, og i kva grad den levande naturen toler dei påkjenningane som den planlagde aktiviteten vil føre til.

Korkje planen eller den fylkeskommunale politikken generelt viser noko tilløp til forsøk på å balansere økonomisk verksemd med omsyn – om ikkje så store – til vårt felles naturgrunnlag. I lys av den veksande kunnskapen om korleis ressursgrunnlaget forvitrar, og klimaet etter alt å dømme endrar seg, under den ekspanderande tappinga av råvarer og energi, er vi inne i ei risikodrivande utvikling. Truleg har ingen rik sivilisasjon på jorda klart å stanse

i tide, før samanbrotet. Fleire av satsingsområda i planen peikar i retning av ein planlagd reprise.

Med venleg helsing



Naturvernforbundet
v/Erik Solheim og
Thorleif Jakobsen, leiar

Sogn og Fjordane Turlag,
v/ Marino Ask og
Ron Overdevest, leiar Naturvernutvalet

Den Norske Turistforening



Forum for natur og friluftsliv
Elisabeth Dahle, koordinator